



VA- og veg-forvaltning

ARKOCONSULT AS
HTH BYGGER
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/756 - 20/798

Saksbehandlar:
Irene Wilhelmsen
irene.wilhelmsen@alver.kommune.no

Dato:
08.01.2020

Tillatelse til avkjørsel fra kommunal veg - gbnr 108/239 Kolås

Tiltak: Avkøyringsløyve
Byggjestad: Gbnr: 108/239 Kolås
Tiltakshavar: Bolig og Eigedom AS
Ansvarleg ARKOCONSULT AS
søklar:

Delegasjonssak nr.: 003/20

Saka gjeldt søknad om ny avkjørsel til kommunal veg for tilkomst til ny bustad med hybel/sokkelleilighet datert 13.12.2019.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Det er sendt inn søknad om avkøyringsløyve for regulert tomt med tilkomst frå kommunal veg KV1026, Lynghaugane på Lindås i Alver kommune.

Vurdering/drøfting:

Tomta det er søkt avkøyringsløyve til er regulert i godkjent reguleringsplan for Kolås II del av gnr 107 og 108. Avkøyrsla er søkt plassert på den mest heniktsmessige delen av tomta, mot kommunal veg Lynghaugane. Lynghaugane er ein blindveg med tilkomst til allereie etablerte bustader. Tomta det vert søkt tilkomst til er siste regulerte tomt med tilkomst frå Lynghaugane. Det skal minimum være 200 mm.

Overvannsledning under avkjørsle til tomt, nærmare avklaring i forbindelse med håndtering overvatn, må avklarast med samferdsle, veg og va, ved etablering avkjørsle.

Samandrag/konklusjon:

Det kan bli gitt avkjøringsløyve for 2 bueiningar, bustadhus med sokkelleilighet, frå kommunal veg Lyngahugane.

Vedtak:

Alver kommune gjev løyve til søknad om oppretting av avkjørsel til kommunal veg med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsona kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane avavkjørsla.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med vennleg helsing
Alver kommune
Avdelingsleiar VVA

Irene Wilhelmsen
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

ARKOCONSULT AS

HTH BYGGER 5281

VALESTRANDSFOS
SEN

Bolig og Eigedom AS